



Arkivnr: 2015/11203-1  
Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld, Eirik Knive

## Saksframlegg

### Saksgang

## Samanslåing av fire fylkeskommunale tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv frå 2016

### Samandrag

Fylkesrådmannen føreslår i budsjettet for 2016 endringar i tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for barn og unge i samsvar med føringar i regional kulturplan 2015-2025. Det overordna målet for dei fire ordningane er å auke den fysiske aktiviteten til barn og unge gjennom lavterskel aktivitetstilbod i nærmiljøet.

Fylkesrådmannen ser at det er grunnlag for å forenkle prosessen for eksterne aktørar med å søkje og rapportere på ulike tiltak. Den interne sakshandsaminga der desse ordningane vert sett i samanheng med ulike statlege tilskotsordningar fylkeskommunen forvaltar, vert også enklare. Samstundes vil det bidra til å sikre at midlane vert nytta til å realisere mål og tiltak i regional kulturplan innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Dei fire tilskotsordningane det gjeld er:

- Tilskot til lokale friluftslivstiltak
- Tilskot til opne idrettsanlegg
- Tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge
- Tilskot til ordninga aktiv saman

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Med atterhald om budsjettvedtak i fylkestinget 8.-9. desember vedtek Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedlagte retningsliner for den nye tilskotsordninga *Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom*.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 26.10.2015

### Bakgrunn

Fylkesrådmannen foreslår i budsjettet for 2016 endringar i i tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for barn og unge i samsvar med føringar i regional kulturplan 2015-2025. Fylkesrådmannen foreslår å samle følgjande fire ulike fylkeskommunale tilskotsordningar til ei ny tilskotsordning; lokale friluftslivstiltak (400.450), opne idrettsanlegg (400.420), Aktiv saman (400.410) og fysisk aktivitet og idrett for barn og unge (400.420). Tittelen på den nye ordninga foreslår fylkesrådmannen er; Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom.

Det felles overordna målet for dei fire ordningane er å auke den fysiske aktiviteten til barn og unge gjennom lavterskeltilbod i nærmiljøet. Fylkesrådmannen ser at det er grunnlag for å forenkle prosessen for eksterne aktørar med å søkje og rapportere på ulike tiltak. Den intern sakshandsaminga der desse ordningane vert sett i samanheng med ulike statlege tilskotsordningar fylkeskommunen forvaltar, vert også enklare. Samstundes vil det bidra til å sikre at midlane vert nytta til å realisere mål og tiltak i regional kulturplan innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

### Tilskot til lokale friluftslivstiltak

Ordninga tilskot til lokale friluftslivstiltak gir støtte til nytenkjande aktivitetstiltak for barn og ungdom i nærmiljøet og til enkel aktivitetsfremjande infrastruktur (som ikkje vert støtta av spelemlidar).

### Tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge

Ordninga tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge støttar tiltak som gjer dei aktive vala enkle for barn og unge i nærmiljøet. Tiltak som rettar seg spesielt mot unge med lavt fysisk aktivitetsnivå og der unge har medverka har vore prioritert. Det vert oppmoda til samarbeid mellom kommunar og organisasjonar.

### Tilskot til opne idrettsanlegg

Hordaland fylkeskommune har stimulert kommunar til å opne idrettsanlegga sine for eigenorganisert fysisk aktivitet for barn og unge, gjennom å gje støtte til oppstart og vidareutvikling av denne type tilbod.

### Tilskot til Aktiv Saman

Gjennom prosjektet Aktiv Saman har involverte kommunar og organisasjonar på basis av søknadar vorte tildelt midlar til ulike aktivitetsarrangement, leiarkurs, kompetanseheving og andre tiltak for integrering av fleirkulturelle gjennom idrett og friluftsliv. Det har vore stort fokus på samarbeid mellom kommunar og organisasjonar og utveksling av kompetanse og erfaring. Prosjektperioden er 2012 – 2017, og fylkesrådmannen ønskjer no å inkludere fleire kommunar og organisasjonar i heile Hordaland i dette arbeidet. Ei brosjyre om Aktiv saman ligg som meldingssak.

### Fylkesrådmannen sin vurdering

Fylkesrådmannen foreslår at den nye tilskotsordninga evt vert lyst ut rett etter at Fylkestinget 8-9 desember har vedteke budsjett for 2016. Søknadsfristen vert sett til 15. februar og skal samordna med frist for andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar. Det vil gjere søknadsprosessen og rapporteringa lettare og meir oversiktleg for lag, organisasjonar og kommunar. Det vert lettare for fylkesrådmannen og gje samla vurdering og tilråding til fordeling av desse fylkeskommunale midlane, sett i samanheng med andre statlege og fylkeskommunale ordningar, og mål og tiltak i regional kulturplan 2015-2025.

Fylkesrådmannen tilrår at Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek dei vedlagte retningslinjer for ny tilskotsordning *tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom*.